

Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 10. september 2014 kl. 13:00 – 17:00
Møtestad: Scandic Ørnen, Bergen

Styremøtet var oppe for publikum og presse.

Deltakarar frå styret:

Maria Borch Helsingreen
Olav Godtfred Klausen
Jon Bolstad
Anne Sissel Faugstad
Per Karlsen
Bente Mari Rolfsnes
Nina Carstens
Gunvald Andreas Iversen

Leiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Varamedlem

Forfall frå styret:

Inger Cathrine Bryne
Marianne Saugestad

Styremedlem
Styremedlem

Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerande direktør
Ola Rye, Økonomisjef



Sakliste

Ope del

- | | | |
|-----------|-----|--|
| Sak 47/14 | B | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 48/14 | B | Godkjenning av protokoll frå styremøte 10.06.2014 |
| Sak 49/14 | B | Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte 14.08.2014 |
| Sak 50/14 | O | Administrerande direktør si orientering |
| Sak 51/14 | O | Rapport frå verksemda per juli 2014 |
| Sak 52/14 | B | Budsjettprosess 2015 |
| Sak 53/14 | B | Årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest HF 2015 |
| Sak 54/14 | B | Valstyre 2014/15 |
| Sak 55/14 | B/O | Eventuelt
Skriv og meldingar |



Ope del

Sak 47/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Inger Cathrine Bryne og Marianne Saugestad deltok ikkje på møtet.

Dokument delt ut i møte:

Ingen

Eventuelt

Ingen saker blei meldt til Eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 48/14 Godkjenning av protokoll frå styremøte 10.06.2014

Oppsummering:

Ingen vesentlege innspel til protokollen.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 10. juni 2014.

Sak 49/14 Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte 14.08.2014

Oppsummering:

Innspel om behov for nokre språkmessige justeringar i vedtaket i Sak 46/14, og at faktisk varigheit av møte bør gå fram av protokollen. Administrasjonen gjør disse mindre justeringane utan behov for styret til å sjå protokollen igjen.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå ekstraordinært styremøte 14. august 2014.

Sak 50/14 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering:

1. Status miljøsertifisering

Kort orientering om prosess for miljøsertifisering i Sjukehusapoteka Vest. Hovudrevisjon frå Det norske Veritas ble gjennomført i april. I etterkant har avvik og observasjonar etter denne vært svara ut, og det føreligg no positiv tilbakemelding frå sertifiserer om at Sjukehusapoteka Vest kan vente snarleg formell tildeling av sertifikat. Styret bad om å få tilsendt vedtekne miljømåla inkludert dei vesentlege miljøaspekta for Sjukehusapoteka Vest til orientering.

2. Mogeleg behov for lageroppbygging ved skifte av grossist per 01.01.2015

Kort orientering om at det for å sikre leveringsevne i forbindelse med skifte av grossist per 01.01.2015 kan bli behov for en lageroppbygging i Sjukehusapoteka Vest. Administrasjonen arbeider nå med å vurdere behovet for dette, og vil komme tilbake til styret med egen sak hvis det gjennom dette arbeidet viser seg at det er behov for dette.



- 3. Arbeid med å implementere Alternativ A for å tilfredstille ESA-krav etter**
Formeldt vedtak om å implementere det utreda Alternativ A er fatta i styret i Helse Vest RHF, og administrasjonen starter no å implementere alternativet. Styret vil frå mot nyttår haldast orientert om framdrifta.
- 4. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Ingen saker på dette punktet.
- 5. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Ingen nye saker på dette punktet utover allereie føreliggjande sak om tilsyn av drift av Sjukehus ekspedisjonen og Publikum ved Sjukehusapoteket i Bergen. Styret vil bli informert når rapport er levert/ svar kjem frå tilsynet.
- 6. Oversikt over aktuelle høyringar**
Kort gjennomgang av administrasjonens behandling av nye mottekne høyringar.
- 7. Styresaker til oppfølging**
Revidert fullmaktsmatrise leggas frem for styret 06.11.2014.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

Sak 51/14 Rapport frå verksemda per juli 2014

Oppsummering:

SAV har fokus på kompetanseutvikling, rekruttering, organisasjonsutvikling, arbeidsmiljø, leing og medarbeidarskap. Dei to store utfordringane ligg i sjukefråvere og rekruttering av leiarar. Sjukefråveret har sidan 2010 vore svært høgt i Sjukehusapoteka Vest (SAV). Vi har arbeidd systematisk for å redusere dette, og såg ei positiv utvikling i 2013. Sjølv om sjukefråvere steig noko dei første 3 månadene i år, syner trenden fortsatt nedgang.

Rekruttering er leiarar er utfordrande, og SAV prioriterer strategisk kompetansestyring for å utvikle egne talent.

SAV har ein del AML-brot som i hovudsak er knytt til krav om vekefri. Det er eit teknisk brot. Ein er no i dialog med fagforeiningane for å etablere avtale om unntak frå lovas krav, i høve til § 10(8)-3, med sikte på å etablere avtale hausten 2014. Styret ber administrasjonen vurdere om denne type avtale er naudsynt grunna eit teknisk brot.

Hovudfokus i drifta er aktiviteter som aukar sal og inntening, spesielt i publikumsekspedisjonane. Det er naudsynt både å auke tal kundar som vel dei fire sjukehusapoteka som sitt apotek, og å tilby eit breiare utval handelsvarer til desse kundane. Sjukehus ekspedisjonane held fram arbeidet med å effektivisere drifta kring automatane, og å førebu enklare ordrehandtering når TønSys mot slutten av året er rulla heilt ut. Produksjonen har fokus på samordning mellom dei fire apoteka, og gevinst ved best-practice. Tilbodet av farmasøytiske tenester er definert meir tydeleg med omsyn til leveransar, timepris og effekt hos kunden. Dermed kan kundane lettare grunngi val av farmasøytressurs både i avdelingsarbeid og kliniske oppgåver.

SAV har vore gjennom første hovudrevisjon av miljøstyringssystemet, og ventar stadfesting av ISO-sertifisering i slutten av september.

Prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» har første store milepæl 1. desember der nytt system vert lansert og alle prosessar gjort tilgjengeleg i nytt verktøy i brukargrensesnittet kalla SAVvy. Prosjektet legg til rette både for tydelegare mål og auka operatør-ansvar.

SAV har ved utgangen av juli ei samla omsetning på 526,4 mill. Dette er 15,6 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 62,5 mill. og 3,8 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 50,8 mill. og 0,6 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 1,0 mill. og 2,2 mill. under budsjett. Samla resultat er på 4,5 mill., noko som er 0,9 mill. under budsjett. SAV har god kostnadskontroll men klarer ikkje budsjettert resultat så langt i år på grunn av svakare margin på varesal enn budsjettert. Oppdatert prognose for 2014 viser eit resultat på 8 mill.



Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering, og har merka seg eit godt arbeid med sjukefråvær og arbeid med kostnadsreduksjonstiltak for å betre resultatet for 2014. Styret merkar seg og eit godt arbeid med analyse av årsak til redusert bruttomargin gjennom 2014.

Sak 52/14 Budsjettprosess 2015

Oppsummering:

Styret sin overordna tilbakemelding at budsjettprosessen synes godt styrt og organisert. Dei ønska eit stort fokus på forankring av prosess og budsjett i organisasjonen for å sikre at den enkelte leiar tar det sterke eigarskap/ ansvar til budsjettet som ligg i det å ha einheitleg leiing. Ønska tydeleggjering av forankring gjel også opp mot foreiningane, og styret ber om at drøftingsprotokoll bli lagt frå for styret. Dei ønska seg og ein kort oversikt innleiingsvis i saka over utfordringsbileta til SAV, og at framlagt budsjett blir tydeleg på gevinstrealisering/ effektivisering som SAV vil hente ut knytt til prosjekt og investeringar. Vidare oppmodar styret administrasjonen til å avstemme ambisjonar i møter med sjukehusføretaka.

Vedtak (samrøystes):

Styret sluttar seg til foreslått prosess og framdriftsplan for budsjettprosess 2015, og ber administrasjonen innarbeide innspel og føringar gitt til mål og føresetnader i det vidare budsjettarbeidet.

Styret ber særskilt om at administrasjonen leggje til rette for at SAV sitt samla utfordringsbilde tydeliggjerast ytterligare gjennom budsjettprosessen, og at det i prosessen blir lagt godt til rette for forankring i organisasjonen gjennom gode prosessar med dei tilsette og deira organisasjonar.

Sak 53/14 Årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest HF 2015

Oppsummering:

I forslaget til årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2015 er det lagt opp til 8 styremøter. I første styremøte etter sommarferien (august) leggst opp til eit kort møte fokusert på rapport frå verksemda gjennom sumaren, medan det i september er lagt opp til eit styreseminar med hovudtema rundt strategi, avtaler og prisstrukturar.

I oversikten er det og lagt inn styreseminar for RHF-styret og HF-styra 4. mars 2015 i Stavanger (markert med lys lilla i Vedlegg 2 – Møtekalender 2015), kor heile styret er invitert til å delta. Denne samlinga starter med sosialt samvere og middag kvelden 3. mars. Der er og eit styreseminar 11. november. Her deltek berre Styreleiarar og AD.

I RHF-styremøte 15. oktober 2015 (markert med lys blå i Vedlegg 2 – Møtekalender 2015), kor SAV skal presentere sin aktivitet for RHF-styret, er det og berre Styreleiar og AD som deltek.

Styremøta er geografisk plasserte med møter i Bergen, eit møte i Stavanger i mars (med deltaking frå revisor i Stavanger) og eit møte på telefon i august (kort møte). Administrasjonen vil etter vedtak av møteplanen omgåande etter tiltreding av nyttilsett kommunikasjonsleiar 1. oktober sende ut Outlook-invitasjon til styremøta i 2015.

Møteplanen vil bli grunnlag for utarbeiding av interne møteplanar for SAV leiarmøter.

Styret diskuterte kort at SAV ikkje har eige brukarutval, og korleis ein utan dette sikra god brukarmedverknad, noko som er eit krav i vedtekter og instruks for styret. Administrasjonen gjekk kort igjennom at brukarane til SAV både er sjukehusføretaka og pasient (i PUB), og at brukarmedverknad frå sjukehusføretaka blir løyst i samarbeidsmøter med sjukehusføretaka og at brukarspørsmål som gjeld sluttbrukar (pasient) blir kjørt gjennom å løfte fram sakar til regionalt brukarutval. Det vart semje om at administrasjonen tar opp mot Helse Vest ein klargjering av dette i vedtekter og instruks for styret.



Vedtak (samrøystes):

Styret vedtar årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2015 med følgjande endringar:

Dato for styremøte i juni endras frå 24.06.2015 til 17.06.2015.

Sak 54/14 Valstyre 2014/15

Oppsummering:

I kraft av å være et heleføretak er Sjukehusapoteka Vest HF leia av eit styre.

I høve til føretaksmøtet 20. februar 2014 skal styret i sjukehusapoteka Vest ha 9 medlemmer. Seks medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet, som og utpeiker leiar og nestleiar for styret. I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer. Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjelder arbeidsgivars førebuing til forhandlingar arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakar organisasjonar eller oppseing av tariffavtaler.

Administrerande direktør har ansvar for utøving av den daglige leiinga av Sjukehusapoteka Vest. Styret tilsett administrerande direktør.

Styremedlemmene blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var i februar 2013. Det skal difor no gjennomførast val av 3 styremedlemmer av og blant dei tilsette med tilhøyrande varamedlemmer verknad frå og med mars 2015.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek at valstyret for Sjukehusapoteka Vest HF for valet i 2014/ 2015, skal ha følgjande medlemmer:

- Gunvald Iversen, Hovudtillitsvald for Farmasiforbundet/Parat
- Margot Marum, Hovudtillitsvald for Fagforbundet
- Berit Berntsen, HR- og organisasjonssjef, Sjukehusapoteka Vest HF

Sak 55/14 Eventuelt

Ingen saker under Eventuelt.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Ingen


Følgjande skriv og meldingar vart delt ut i møtet:

Ingen



Ref. Jannicke Daae Tønjum

10.09.2014




Maria Borch Helsengreen
Styreleiar



Olav Godtfred Klausen
Nestleiar



Jon Bolstad
Styremedlem




Anne Sissel Faugstad
Styremedlem



Per Karlsen
Styremedlem



Inger Cathrine Bryne (Sett)
Styremedlem



Bente Mari Rolfsnes
Styremedlem



Nina Carstens
Styremedlem



Marianne Saugestad (Sett)
Styremedlem